

Årsmelding for 2019

Styret vart valt på årsmøtet 24.02.19

Knut O. Dale, leiar (vald for eitt år)	Varamedlemer:
Harry Solberg (ikkje på val)	1: Ingvild Jøsendal (vald for eitt år)
Harald Jordal (attvald for to år)	2: Astrid Alfredsen (vald for eitt år)
Solveig Grønlien (ikkje på val)	3: Marit Bleie Mannsåker (vald for eitt år)
Håkon Tverdal (attvald for to år)	Valnemnd: Sigrid E. Lerbak (leiar), Olav Tveita og Ingebjørg Sekse.

Styret konstituerte seg med Harry Solberg som nestleiar og Marit Bleie Mannsåker som kasserar. Harald Jordal er skrivars. I 2019 hadde styret 11 møte. Revisor vald på årsmøtet: Gerd K. Hereide.

Leiaren i Ullensvang Mållag Johannes H. Sekse har vore med på fleire styremøte, og Odda Mållag har hatt eit godt samarbeid med mållaga både i Jondal og Ullensvang.

Medlemstalet:

Medlemstalet i 2019 var på 140 og det er ein nedgang på ein medlem samanlikna med medlemstalet i 2018. Odda Mållag hadde ei vervelysing i Hardanger Folkeblad 01.11.19.

Utsendingar på møte og seminar:

På årsmøtet til Hordaland Mållag 16. og 17.03.19 i Lindås møtte Ingvild Jøsendal. Solveig Grønlien var utsending for Hordaland Mållag der ho er nestleiar. Solveig Grønlien var og med på Bergenskonferansen 06. og 07.04.19. På landstinget til Landslaget for nynorskkommunar i Førde 6. og 7. juni var Knut O. Dale med. Karmøy Mållag skipa 19.08. til eit valmøte der dei utfordra dei politiske partia i ulike målpolitiske spørsmål. Solveig Grønlien og Knut O. Dale for den lange vegen til Åkrehamn for å vera til stades på tilskipinga. På valmøtet til Hordaland Mållag i Bergen 21.08.19 møtte Solveig Grønlien og Knut O. Dale. Deltakarar på møte om det nye prinsipprogrammet til Noregs Mållag: Knut O. Dale i Oslo 21.09.19 og Solveig Grønlien 12.10.19 i Bergen. På skulemålsseminaret til Hordaland Mållag 09.11.19 deltok Knut O. Dale. Knut O. Dale er leiari i skulemålsnemnda til Hordaland Mållag.

Arbeidet for språkdelte ungdomsskule (Odda-modellen):

16.08.19 sende Odda Mållag, saman med mållaga i Jondal og Ullensvang, dette brevet til dei politiske partia i Ullensvang kommune:

Språkdelinga på Odda ungdomsskole

Spørsmål til dei politiske partia i Ullensvang kommune, ved listetoppane:

Kringom i landet byter halvparten av elevane frå nynorsk til bokmål frå dei byrjar på barneskulen til dei går ut or den vidaregåande skulen.

Slik har det ikkje vore i Odda: Me meiner at ei viktig årsak til dette er språkdelinga på Odda ungdomsskole.

Me meiner det var både sorgjeleg og urovekkjande at Odda kommunestyret oppheva språkdelinga frå og med skuleåret 2016/17.

Både fornuft og innsamla data viser at einskaplege språklege ungdomsskular/språkdelte ungdomsskular gjer nynorskelevane til tryggare språkbrukarar som vil halda fram med nynorsk i den vidaregåande skulen og seinare i yrkeslivet.

Odda Mållag

Spørsmålet til dei politiske partia i Ullensvang kommune vert dette:

Vil partiet ditt ta opp att språkdelinga på Odda ungdomsskole? Med andre ord; på nytt innføra Oddamodellen? Fint om standpunktet dykkar vert grunngjeve.

Vedlegg til brevet til dei politiske partia i Ullensvang:

Lesarinnlegg i Hardanger Folkeblad 15.12.15:

Målbyte i Odda og Valdres:

den store skilnaden.

Av Knut O. Dale, leiar i Odda Mållag

I Valdres byter 75 prosent av elevane frå nynorsk til bokmål. Slik er det ikkje i Odda. I år var det 2 av 56 elevar som gjekk over til bokmål då dei tok til på Odda vidaregåande skule, dvs. mindre enn 4 prosent.

Firmaet Proba samfunnsanalyse hevdar at årsaka til målbyte er «den massive bokmålspåverknaden», skal me tru eit brev frå Utdanningsdirektoratet datert 26.06.15.

Men bokmålspåverknaden er like stor i Odda som i Valdres. Men det er ein skilnad mellom Odda og Valdres: I Valdres har dei ikkje språkdeling i ungdomskulen med grunnlag i skriftspråket til elevane på barneskulen.

Svært mykje tyder på at målbytet vil verta mykje større i Odda om språkdelinga vert oppheva.

Karen Marie Kvaale Garthus, som no er avdelingsleiar på den studiespesialiserande studieretninga på Valdres vidaregåande skule, har granska målbytet i Valdres.

I eit intervju med NRK sa ho om årsaka til målbytet: «Jeg tror at dette handler om at en nynorskbruker i Valdres mangler språklig selvtillit, og at vi ikkje har klart å gi dem det gjennom skolegangen.»

Denne språklege sjølvtilitten gjev Odda ungdomsskole nynorskelevane.

Frå

Innst. 68 S (2016-2017)

Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen

Dokument 8: 116 S (2015-2016)

Flertallet viser til GSI-statistikk som viser andelen språkskifte blant elevene gjennom skoleløpet. I Telemark skjer det største frafallet i løpet av grunnskolen. Blant elevene som startet på 1. trinn i Telemark høsten 2001, var 17 pst. nynorskelever. Ved starten av 10. trinn høsten 2010 var andelen falt til 9 pst., og på videregående våren 2013 var den 6 pst. Det betyr at andelen nynorskelever falt med nær 8 prosentpoeng i løpet av grunnskolen.

Svara som kom inn, var lite forpliktande og fire parti let vera å svara på spørsmåla.

Odda Mållag

Knut O. Dale skrev eit lesarinnlegg om Oddamodellen som vart trykt i Bergens Tidende 04.11.19.
Lesarinnlegget er å finna på heimesida til Odda Mållag.

Møte om språkdelinga på Odda ungdomsskole 04.11.19:

Odda Mållag inviterte leiaren i Noregs Mållag Magne Aasbrenn, skulefolk og politikarar til møte i Ungdomshallen mandag 4.november 2019. Temaet for møtet var språkdelinga på Odda ungdomsskole.

Her er **notatet** frå møtet ført i pennen av skrivaren i Odda Mållag Harald Jordal:

Til stades på møtet om språkdeling i Odda mandag 04.11.19 kl 19.00 i småsalen i Ungdomshallen:

Ole-Jørgen Jondahl, rådmann i Ullensvang kommune

Sven Olaf Brekke, rektor på Odda ungdomsskole

Amund Velure, kommunestyrerrepresentant AP i Ullensvang kommune

Lajla-Margrethe Lindskog-Lund, formannskapsmedlem og gruppeleiar for SP i Ullensvang kommune

Eivind Tokheim, representant for Venstre i Ullensvang kommunestyre og leiar i utval for Samfunn, plan og næring

Brita Helleland, Raudt, medlem i utval for Kultur og levekår i Ullensvang kommune

Leiar i Norsk Målungdom 1974 – 76

Dagfinn Aadnanes, vararepresentant for Raudt i Ullensvang kommunestyre

Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag

Johannes H. Sekse, leiar i Ullensvang Mållag

Ingvild Jøsendal, 1. varamedlem i styret for Odda Mållag

Solveig Grønlien, styremedlem i Odda Mållag og nestleiar i Hordaland Mållag

Håkon Tverdal, styremedlem i Odda Mållag

Harald Jordal, styremedlem i Odda Mållag

Harry Solberg, nestleiar i Odda Mållag

Knut O. Dale, leiar i Odda Mållag

Ordstyrar: Johannes H. Sekse

Knut O. Dale ynskte vel møtt og innleidde:

1. Målet er lovfesting/ lov eller føresegn / av språkdeling av klassar på ungdomssteget.
2. Lokal praksis som tek vare på foreldra sitt språkval for barna og skulen sitt overordna mål : Trygge og habile språkbrukarar.

Han la vekt på at nynorskbrukaren, bruker av eit nasjonalt og allment men mindre brukt skriftspråk, er den svake parten i dag. Nynorskelevane sym dagleg i eit bokmålshav og treng den nynorske dusjinga dei kan få; i denne samanheng frå skuleverket. Dale la vekt på at det er på ungdomssteget at språket - formverket, ordvalet og setningsbygnaden - festnar seg hjå elevane.

Rådmannen i Ullensvang kommune Ole-Jørgen Jondahl:

Odda-modellen på ungdomssteget har vore ein del av «oddaplussen», og vart i åra 2011 til 2015 føreslått fjerna frå rådmannen si side då språkdelinga av klassar på ungdomssteget ikkje er lovheimla / omfatta av forskrift, slik som stoda er for barnesteget. Frå skuleåret 2016/17 vart det innført språkblanding på ungdomssteget.

Odda Mållag

Odda kommune eksisterer ikkje etter 01.01.20 og Ullensvang kommune er i motsetning til «gamle» Odda ein nynorskkommune.

På direkte spørsmål om kvifor det ikkje vart språkdeling for dei som byrja på ungdomsskulen i 2018, sjølv om det hadde høvd med to nynorskklassar (50 elevar) og ein bokmålsklasse (25 elevar), svarte Brekke at det vart lagt vekt på sosialpedagogiske vurderingar, og at det no er bokmåls- og nynorskelevar i alle dei tre klassane.

Rektor Sven Olaf Brekke opplyste om at elevane er skilde i norskfaget.

Det er ingen indikatorar på at trivselen på skulen ikkje er like bra som før, sa Brekke.

Aasbrenn gjorde greie for Noregs Mållag sitt syn og den prosessen som no er knytt til ny opplæringslov. Språkdeling kom inn i Granavoll-erklæringa. Der vart det sagt at språkdelt ungdomsskule skulle greiast ut. Opplæringslovutvalet kjem med ei innstilling der språkdeling på ungdomsskulesteget vil bli avklart. Det skal levera innstillinga si seinast 1. desember. Kostnadene på landsplan med språkdeling på ungdomsskulen er mellom 12 - 20 millionar årleg for kvart klassessteg - som må kunna kallast ein låg sum for eit så viktig tiltak. I statsbudsjettet ligg det enno ikkje midlar, men vi ventar på lovutvalet si innstilling. Om Ullensvang kommune får innført språkdelinga igjen frå hausten 2020, vert det eit viktig ryggstø for Noregs Mållag når organisasjonen prøver å få ordninga innført nasjonalt. Då kan Noregs Mållag seia: «Odda hadde språkdeling lenge, så gjekk dei bort frå ordninga nokre år, men no har dei innført modellen igjen.»

Statistikk viser at Odda-modellen førebyggjer språkskifte i utdanningsløpet. På landsplan byter halvparten av nynorskelevane til bokmål frå dei tek til i grunnskulen til dei går ut or den vidaregåande skulen. Slik er det ikkje i Odda der det nesten ikkje er målbyte.

I Telemark, der det ikkje er språkdeling i ungdomsskulen og der lærarane på ungdomssteget står fritt til å nytta bokmål, fell nynorskprosenten frå 17 i barneskulen til 9 i ungdomsskulen og vidare til 6 prosent når elevane går ut frå den vidaregåande skulen. Dette kan me lesa på side 3 i stortingsdokumentet Innst. 68 S (2016-2017) Innstilling til Stortinget fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen.

Amund Velure, kommunestyrerepresentant for AP: Språk er i dag den viktigaste identitetsmarkøren.

Halehenget* i det politiske opphevingsvedtaket på budsjettmøtet 17.12. 2015 (formulert av representanten Jarle Vangen AP) er å forstå slik at kommunestyret oppheva modellen av økonomiske årsaker og var ikkje til hinder for at den kunne brukast (gjeninnførast) for klassetrinn der den ikkje drog med seg meirkostnader.

*Språkdelinga på Odda ungdomskole blir vurdert på nytt i samband med revidert statsbudsjett til våren.

Grunngjeving: Vi må sjå utviklinga sentralt og om vi får dekt nokre av utgiftene.

Rektor Sven Olaf Brekke: Lære- og klassemiljøet er det viktigaste. Her kan ein og i tillegg til sosialpedagogiske vurderingar og trekka inn spesialpedagogiske vurderingar.

Harald Jordal:

Odda Mållag

Vedtaket om Ullensvang som nynorskkommune gjekk overraskande lett. Det er lite motstand mot nynorsk i Odda. Vi har i Odda by hatt “språkfred” sidan 1914 då Oddamodellen vart innførd på barnesteget. Bokmålsfolket og nynorsksfolket har ikkje prøvt å kvitta seg med “motparten” sjølv om begge har vore i stort mindretal opp gjennom tidene. Odda Mållag tek på seg litt av den æra - ikkje minst gjennom eit folkelesnadstiltak som “Odda i manns minne” som konsekvent har prioritert det mottekne kultur- og identitetsstoffet etter innhald framfor kva skriftspråk det er skrive på.

Nye moment som er komne inn og som gjev grunnlag for å sjå på saka att:

1. «Nye» Ullensvang er ein nynorskkommune.
2. Nynorsk opplæring som kultur- og identitettsmarkør.
3. Støe språkbrukarar og kompetanse på nynorsk vil vera viktig for den nye kommunen (bokmål lærer ein likevel) og vil gjera det lettare å rekruttera kvalifiserte tilsette.
4. Kan no oppnå nasjonalt gjennomslag for ordninga/Odda-modellen.
5. Lite strategisk å gje seg nei.

Mange hadde ordet i debatten.

Oppsummert:

Det har vore ei lang, tung og krevjande sak.

Vi er truleg på oppløpssida.

Det skjer straks noko på den statlege sida, jf. utkast til ny opplæringslov.

Det gjeld å halda etter når utkastet til ny opplæringslov vert lagd fram. Det er i all hovudsak ei oppgåve for Noregs Mållag.

Ullensvang kommune bør avklara kommunen sitt standpunkt politisk.

Møtet varde frå 19:00 til 20:30.

Før den tid hadde Odda Mållag saman med leiaren i Ullensvang Mållag eit halvanna times langt møte med Magne Aasbrenn.

Odda 14.11.19

Harald Jordal – skrivar i Odda Mållag

Knut O. Dale – leiar i Odda Mållag

På kommunestyremøtet for Ullensvang kommune 18.12.19 der budsjettet for 2020 vart vedteke, løyvde ikkje kommunestyret midlar til å ta opp att språkdelinga på Odda ungdomsskole.

Målbruksplan for Ullensvang kommune:

Odda Mållag saman med mållaga i Jondal og Ullensvang overleverte på eit møte med ordførar Roald Aga Haug og rådmann Ole-Jørgen Jondahl dette framlegget til målbruksplan for Ullensvang kommune. På møtet 07.01.20 møtte frå mållaga Jofrid Kårstad, Oddveig Vetlesand, Johannes H. Sekse og Knut O. Dale.

Kristen D. Eitrheim har hjelpt oss mykje i arbeidet med dette framlegget:

MÅLBRUKSPLAN FOR ULENSVANG KOMMUNE

1. Skriftspråk

Kommunestyret har vedteke at nynorsk er administrasjonsmål i Ullensvang kommune.

Vedtaket inneber at:

- Dei tilsette er pålagde å nyta nynorsk i tenesta.
- Etter lov om målbruk i offentleg teneste pliktar statsorgan å nyta nynorsk i all kontakt med kommunen (jf. paragraf 5 i lov om målbruk i offentleg teneste).
- Svar på førespurnader frå private skal vera på det skriftspråket som vedkomande nyta ved kontakt med kommunen.
- Offentlege organ skal alltid få svar på nynorsk.

2. Målsetjing

All skriftleg framstilling skal ha variert, klart og forståeleg språk.

3. Ansvarsområde for rådmannen

- Leggja plan for gjennomføring av innhaldet i målbruksplanen. Likeins å skapa interesse mellom dei tilsette for å skriva godt på nynorsk, å fylgja opp og å sjå til at dei tilsette arbeider i samsvar med målbruksplanen.
- Laga ein plan for/retningsliner for kvalitetssikring av språkbruken i kommunen.
- Gje alle tilsette som arbeider med skriftleg framstilling, kurs og rettleiing i nynorsk målbruk. Slike kurs skal vera obligatoriske. Kursa må delast i grunnkurs og i vidaregåande kurs.
- Sjå til at det innanfor kvart fagområde er ein tilsett, med god språkkompetanse, som kan kontaktast dersom medarbeidarar treng språkleg rettleiing.
- Bruka administrative systemløysingar med tilgang til nynorske malar / grunntekstar.

4. Ansvarsområde for etatleiarar/områdeleiarar

- Innanfor kvart fagområde må det utarbeidast lister over fagord/fagomgrep og generelle omgrep som skal nyttast. Om naudsynt skal omgrepa også forklarast. Døme på generelle omgrep er: Avgjerd, sakshandsamar, løvning, framlegg, samrøystes, motsegn, sannsyn, rett/rettar, tilsett, førebels, førebu og førehaving.
- Språket i skriv, brev, saksførebuingar, vedtak og utlysingar/kunngjeringar skal kvalitetssikras.

5. Ansvarsområde for alle tilsette

- Dei tilsette skal gjera seg kjende med nynorske fagord/omgrep og generelle omgrep innanfor sine arbeidsfelt. Dersom dei er usikre i språkspørsmål, må dei søkja råd, jf. punkt 3.
Presentasjonar – interne og eksterne – skal vera på nynorsk.
- Dersom statlege organ eller andre offentlege organ som fell inn under mållova, sender skriv på bokmål til kommunen, skal det takast opp med vedkomande organ anten av den tilsette, av overordna eller av rådmannen. Rådmannen skal ha rapport om problemet.

6. Barnehage og skule

Barnehagane og skulane er sentrale i utviklinga av talemålet til borna. Eit godt talemålsgrunnlag er ein føresetnad for å meistra skriftspråket godt.

- Skuleleiarar har ansvar for å gjera dei tilsette kjende med §2-5 i opplæringslova. I denne paragrafen står det at lærarane skal ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og i uttrykksmåtar. Tilsvarande må dei tilsette i barnehagane ta dei same omsyna.
- Alt skriftleg tilfang som vert nytta i barnehagar og i skular, skal vera på nynorsk. Unntaket er for barnehagar i bokmålskrinsar og for skuleelevar med bokmål som hovudmål.
- Den nynorske songskatten vert halden levande i barnehagar og skular.

7. Retningsliner for skriftspråket

Det skal nyttast:

- dobbel bunden form (t.d. det vedtekne budsjettet).
- samsvarsbøyning av verb (t.d. brevet er skrive – breva er skrivne).
- a- infinitiv i alle verb i samsvar med talemålet
- unngå det upersonlege og ubundne pronomenet *ein*, og bruk i staden *eg* eller *me/vi*.
- bruk aktiv og ikkje passiv setningsbygnad.

Legg vekt på:

- at ordvalet er heilskapleg, dvs. ikkje blanda tradisjonelle former og tilnærningsformer. Døme: Ei lukke, å fylgja, å gje og å leggja er døme på tradisjonelle former. Ei lykke, å følgja, å gi og å legga er døme på tilnærningsformer.
- å bruka norske ord i staden for framandord.

8. Stadnamn

Odda Mållag

- Alle stadnamn, t.d. i skriv, på kart og på skilt, må skrivast rett og i samsvar med namnevedtak. Det må også leggjast vekt på at uttale og skrivemåte er i samsvar med målføret og med gjeldande rettskrivingsreglar.
- Nye byggjefelt, plassar, gater og vegar skal gjevast lokale stadnamn.

9. Utlysing av ledige stillingar:

I utlysing av ledige stillingar der det skal arbeidast med skriftleg framstilling, skal det alltid stå at administrasjonsmålet er nynorsk og at det er eit krav å meistra nynorsk.

10. Nynorsk materiell og hjelpemiddel

- Alle skjema, blankettar, kvitteringshefte og anna som vert nytta i kommunen, skal vera på nynorsk. Det same gjeld alle skilt og oppslagstavler.
- Alle som bruker skriftspråket i det daglege arbeidet, skal ha tilgang til ei nynorsk ordliste og fornorskingsordbok.

11. Medlemskap

Ullensvang kommune er medlem i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK).

12. Oppgåver for politikarane

- ‘ Arbeida for å styrka nynorsken si stilling både lokalt, i fylket/fylkeskommunen og nasjonalt.
- ‘ Arbeida for få gode nynorske ordbøker, lærebøker og digitale læremiddel.
- ‘ Gjera godt nynorsk tenestemål til ein identitetsmarkør for Ullensvang kommune.

Krav til dei politiske partia på nasjonalt nivå:

Styret i Odda Mållag har særleg vore oppteke av to nasjonale saker:

- 1: Rett til å gå i språkdelte klassar på ungdomssteget
- 2: To jamstelte og obligatoriske eksamensstilar i den vidaregåande skulen.

På landsmøtet til Noregs Mållag i Vinje i 2018 kom Odda Mållag med dette framleggjet:

Fremja av: Odda Mållag Linenr/paragraf: Line 744 ff side 91 i møteboka frå 2018-landsmøtet:

Framfor kommune- og stortingsvala i arbeidsprogrambolken skal Noregs Mållag i samarbeid med andre mållag, skipa til møte der målkrava til dei politiske partia vert presenterte. Noregs Mållag skal senda ut målkrava til dei politiske partia i god tid før partia byrjar programarbeidet. Merknad: Dette framleggjet vart sendt til styret før dei kom med det endelige framleggjet til arbeidsprogrammet. Nemndsinnstilling Samrøystes tilrådd avvist.

Redaksjonsnemnda og leiinga i Noregs Mållag fekk viljen sin på landsmøtet i Vinje og møtelyden avviste framleggjet.

Odda Mållag

Hordaland Mållag skipa 21.08.20 til eit politisk møte, men møtet hadde ein openberr veikskap sidan det t.d. ikkje var innleiingar om mållagskrava andsynes dei politiske partia. Etter møtet vart det heller ikkje laga ei oppsummering frå møtet. Jamt over stilte dei politiske partia med lettvektarar på møtet: Det var t.d. ingen stortingsrepresentantar med på møtet og eit så sentralt parti som Det norske Arbeidarparti stilte med Reidar Staalesen som stod langt nede på lista til bystyrevalet i Bergen.

På møtet kom det ingen lovnader korkje om sidemålsstilen eller om retten til å gå i språkdelte klassar på ungdomsskulen, i alle fall ikkje frå Høgre og DNA.

Tilskipingar:

Kulturvelden 10.11.19:

Av innhaldet i kulturvelden kan me nemna: Presentasjon av *Odda i manns minne*. Overrekking av målprisen for 2018 til Fonna Elektro AS. Christian Lee og Rune Mikkelsen Instebø tok imot prisen. Tevling med historiske spørsmål, laga av Harry Solberg og Håkon Tverdal. Vidare på programmet stod bokutloddning og sal av *Odda i manns minne*. Allsong med Vidar Børve på pianokrakken.

70 menneske hadde funne vegen til Ungdomshallen denne sundagskvelden. Tilskipinga var eit samarbeidstiltak med Odda Ungdomslag.

Målprisen 2018

Grunngjeving for tildelinga av Målprisen 2018 til Fonna Elektro AS:

Odda-samfunnet er eit samfunn der det er mange og ulike måldomene. Dette gjer seg først og fremst gjeldande skriftleg og langt mindre munnleg. Odda-samfunnet er difor i skriftleg samanheng lite homogen språkleg. Innan offentleg og halvoffentleg forvalting, skuleverk og kulturminneforvalting har nynorsken styrkt sin posisjon og gått markert fram som bruksmål dei seinare åra.

Tida har på mange måtar gått nynorsken sin veg i Odda. Odda gymnas og Odda yrkesskole er samanslegne og heiter i dag Odda vidaregåande skule. Det same gjeld for lokale media, der nynorsken har styrkt seg monaleg. Dette har skjedd – og skjer framleis – i den språknøytrale kommunen Odda og i industribyen Odda, som òg er eit regionsenter.

Odda kommune vil frå og med 01.01.2020 vera ein del av nynorskkommunen Ullensvang, saman med Jondal kommune og Ullensvang herad, og vil bli den største kommunen i Sør-Noreg geografisk. Mållaget registrerte at denne overgangen ikkje var problematisk for oddingane og heller ikkje vart motarbeidd eller utfordra.

Innan næringsliv og handel står likevel bokmålet overraskande sterkt framleis og er langt på veg einerådande. Dette er nok eit resultat av den rotfesta og suverent dominante posisjonen riksmål/bokmål har hatt – og har – i kraftproduksjon og kraftforedlinge prosessindustri. Denne posisjonen er sterkt, lang og uutfordra i lokalsamfunnet. Posisjonen ivaretok òg rollene som arbeidsgjevar, kunde og skatteobjekt – eller inntekt, inntekt og inntekt sett frå kommunen og lokalsamfunnet sin innfallsinkel.

Det kan heller ikkje sjåast bort frå at eigarinteressene i industrien ikkje på noko tidspunkt har vore lokale – snautt nok norske – anna enn i to korte unntaksbolkar for Tyssedal.

At bokmålet var – og er – industrien og kraftproduksjonen sitt språk, har òg «smitta over» på tenestenæringane og handelsnæringa. Innan desse to sektorane – som lever av sal av varer og

Odda Mållag

tenester – har bokmålet ein sterk posisjon og uttrykker liksom ein meir nøytral posisjon enn nynorsk og dialekt. Kanskje formidlar det òg eit skin av å vera meir moderne og «up to date»?

Odda Mållag har merka seg at det finst nokre få unntak, og har særleg merka seg heimesida til Fonna Elektro AS, som marknadsfører selskapet på god nynorsk. Dette er eit selskap med lokal eigarskap som har vakse seg til og utvikla seg svært positivt dei siste åra. Fonna Elektro satsar på kvalitet og breidde, samstundes som dei reklamerer for seg og sitt på god nynorsk.

Årsmøtet i Odda Mållag tildeler Målprisen 2018, eit litografisk trykk av Solfrid Aksnes, 'Bokstavflygarar', til Fonna Elektro AS for sin vilje til å ta nynorsken i bruk som forretningsmarkør og som ein stimulans til å halda fram med å gjera det.

Denne innstillinga frå styret i Odda Mållag vart delt ut, lesen opp og samrøystes vedteken på årsmøtet i laget i Ungdomshallen 24. februar 2019.

Økonomien:

Odda Mållag har god økonomi. Rekneskapen vert lagd fram på årsmøtet.

Gåver, tilskot og andre påskjøningar:

Lina Djønne fekk Mållagsprisen for dugande nynorskelev på Odda vidaregåande skule. Prisen er på 2500 kr. Radio Folgefonn fekk ei løying på 10 000 kr til flyttinga frå Godsterminalen på kaien til LO-huset på Smelteverkstomta, medan Litteratursymposiet 2019 mottok 8 000 kr frå Odda Mållag og Hordaland Mållag fekk 10 000 kr til skrivarstillinga.

Odda i manns minne:

I skriftstyret: Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. Opplaget var på 1150 bøker, og så godt som heile opplaget er utsett. Dette året tok Solveig Grønlien og Håkon Tverdal seg av salet.

Storparten av salet var i den lokale bokhandelen (Norli-bokhandelen) i Odda. I tillegg var det ein del netthandel.

For skriftstyret har det vore ei glede å samarbeida med Odda Trykk & Reklame AS om utforminga og trykkinga av boka.

Dette var den 28. utgjevinga av Odda i manns minne og kvaliteten på boka var fullt på høgde med tidlegare utgåver. Harry Solberg og resten av skriftstyret gjer år etter år ein formidabel innsats. Stor takk skal dei ha!

Målpolitisk møte

Etter årsmøtet 24.02.19 innleidde nestleiaren i Noregs Mållag Peder Lofsnæs Hauge om aktuelle målpolitiske spørsmål. Etterpå var det ordskifte.

Nynorskprosenten i Odda-skulane:

Denne er på 62 %.

Heimeside:

<http://odda-mallag.no/>

Håkon Tverdal legg ut oppslag på sida.

Røldalsmarknaden 21.-23.06.19:

Solveig Grønlien var til stades og selde nynorskbøker og nynorskeffektar frå båsen til Odda Mållag. Med sitt gode, blide og vinnande vesen fremja ho målsaka på ein god måte.

Etterord:

Nynorsk er eit allment og jamstelt skriftspråk her i landet. Når Utdanningsdepartementet no reduserer kravet til dugleik i sidemålet i forhold til kravet til dugleik i hovudmål, er dei med på å undergrava statusen til nynorsk som allment og jamstelt

Odda Mållag

skriftspråk i Noreg. Her fylgjer dei opp politikken til SV-statsråden Bård Vegard Solhjell i Stoltenberg-regjeringa som frå og med 2009 gjorde sidemålet til trekkfag til eksamen i den vidaregåande skulen.

Med vedtaket om lågare krav til dugleik i sidemål, kjem målbytet i den vidaregåande skulen til å auka endå meir. Grunnen til dette er at nynorskelevane skriv rettare på bokmål enn på nynorsk.

Vidare har me heller ikkje i 2019 fått framgang i arbeidet for lovfesting av språkdeling på ungdomssteget slik som det er på barnesteget.

Odda Mållag tykkjer mållaget sentralt ikkje har gjort nok for å utfordra dei politiske partia i desse to sakene. Det skulle vore sjølvsgatt at Noregs Mållag sa klart ifrå kva mållaget meiner og kravt like klare svar frå dei politiske partia på desse livsviktige målsakene.

Difor var me i Odda Mållag svært vonbrotne då leiinga i Noregs Mållag ikkje ville skipa til opne møte om desse viktige spørsmåla framfor valet i 2019, jf. det negative vedtaket på landsmøtet i 2018.

Odda 13.01.20

Styret i Odda Mållag